



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1488 - 21/64946

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:
29.09.2021

Vedtak til klagevurdering gbnr 63/38 - Berås/Bergås


Saksopplysningar

Eigedom: 63/38
Tiltakshavar/eigar: Henning Klementsén

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av naust og opparbeiding av veg, parkering og grunnarbeid, jf. vedtak datert 28.06.2017, saksnr. 17/1310. Endringa gjeld å montere båtheis framfor naust D.

Tiltaket krev dispensasjon frå byggegrense mot sjø, jf. pbl § 1-8 ettersom byggegrensen i reguleringsplanen går i formålsgrensa mellom N1 og K2 (grå stilplet linje):



Planstatus

Eigdommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Bergåsstranda naustområde, planid: 1263-201408, og er definert som uthus/naust/badehus.

Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjon 29.09.2021, der følgjande vedtak vart fatta:

VEDTAK:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggegrense mot sjø for oppføring av båtheis.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 20-3 vert søknad om endring av 12.02.2021, om løyve til å montere båtheis framfor naust D godkjent på følgjande vilkår:

- **Vilkår sett av Bergen Havn må oppfyllest.**
- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 13.03.2021.**
- **Vilkår i gitt løyve datert 28.06.2017 gjeld.**
- **Det skal søkjast om ferdigattest når båtheis er montert.**

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larissa.dahl@alvr.kommune.no

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med helsing

Alver kommune Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon og løyve til endring av godkjent tiltak - gbnr 63/38 Berås/Bergås
Vedtak - Tillatelse til etablering av båtheis - gbnr 63/38 Bergås, Alver kommune
Godkjent kartutsnitt.PDF
Demonstrasjon båtheis.PDF
Situasjonsplan
Teikning

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER